

**Fra:** Lars Sætre <Lars.Saetre@uib.no>

**Emne:** SLUTTFØRD AVTALE – **Re: Kommentarer til vegavtaleforslag**

**Dato:** 7. april 2022 kl. 02:13:32 CEST

**Til:** Margunn Blikberg Nordgård <margunn@vorek.no>

**Kopi:** jørn helge nordgård <jorn99@gmail.com>, Ola Sætre <ola.sae3@online.no>

Hei igjen Margunn og Jørn,

Cc: Ola S

**(1)**

**AVTALEN:**

Takk for oversendt nytt avtaleutkast av 28/3-2022.

Idet me viser til kommentarane dykkar i eposten av samme dato og til tidlegare kontakt og korrespondanse om saka, kan me akseptera avtalen slik de no har formulert den.

**NB:** Av reint praktiske årsaker foreslår me årleg betalingsfrist endra frå 01.01. til 01.02. (jfr. at publisering av føregående års ÅRS-KPI skjer først pr. 10.01. kvart år), samt presisering av første gongs regulerings-grunnlag og -tidspunkt. – Me er takksame for at de har innarbeidd fleire av omsyna våre i dette nye utkastet.

—> Det einaste me ikkje kan sjå at de har respondert på, er punktet vårt om at det er greit at me frå og med signeringa av avtalen og første årets innbetaling, mellombels kan parkera inntil "Livd"-tomtegrensa på riggplassens nord-austre hjørne – fram til opparbeidinga av vegstumpen inn på 351/1/6 og av vår framtidige parkeringsplass dér er realisert. På bakgrunn av den grundige gjensidige digitale og telefoniske kontakten me har hatt om saka, heilt frå primo oktober 2021, forstår me det slik at me på dette punktet kan ta det for gitt frå no av at slik mellombels parkering dér er i orden.

Overføringa av 2.500 kr som første avtale-årets avgift (01.02.2022 til 01.02.2023) er nyss lagt til utføring gjennom Lars sin nettbank. – Avtalen, signert frå Ola og mi si side, er vedlagd her, både som pdf og i Word-format. (Sjølve handtrekks-underskrifta di, Margunn, ordnar du på den for deg beste digitale måten, og me ser for oss at du returnerer avtale-dokumentet også med underskrifta di påført, straks du har høve til det.)

Samstundes er me svært glad for at de i samråd med oss, når snøen er faren, skal finna ei konkret løysing på vegstumpen frå riggplassens nord-austre hjørne og opp på "Livd"-tomta 351/1/6, og at de vil ta på dykk dette oppdraget med å laga denne vegstumpen inn på hyttetomta og å laga parkeringsplassane våre der i 2022.

Me vil vera på hytta som vanleg utover resten av vinteren, våren, sommaren osv., også i påsken. Kanskje litt avhengig av når snøen fer i vår, vil me gjerne ha ei synfaring med dykk under eit av opphalda for å verta samde om nøyaktig kvar denne traséen skal gå, og om kva denne vegstumpen og parkeringsplassane praktisk vil krevja. (Det vil nok bl.a. krevja litt tre- og buskfelling, dreneringsgrøfter, pukk/grus-tilføring, m.a.) – Ja, dette er sjølv sagt eit oppdrag utanom vegavtalen. – Er det mogleg for dykk å antyda i vekene hhv. månadane framover kva tid de trur me kunne treffast til slik synfaring og avtale om gjennomføring? (Eg hugsar ikkje kva veker du Jørn er i Nordsjøen, og kva veker du er heime.)

**(2)**

**TREFELLING:**

Elles, ver vennlege og sjå dei påfølgjande epostane for emne nr **(2) TREFELLING**. Desse epostane dreier seg om ein førespurnad til dykk om eit anna oppdrag (altså enno ikkje tre-fellingane, jordjamninga, dreneringsgrøftene, grusinga/pukkinga/jordtilførsla som er naudsynte i samband med vegstumpen opp på tomta og for parkeringsplassane våre dér). – *Denne*, den første førespurnaden vår om oppdrag her og no, gjeld høge (og dels tunne) tre som har vakse seg enormt høge dei siste par åra: 3 einskildtre, 2 fellesrøta tregrupper, som begge kan vera godt å få vekk først som sist. Dette oppdraget ser me for oss kan vera greit å få gjort medan snøen enno er der, men i dette høyrer me sjølv sagt òg på råd og sunspunkt frå dykk.

Med beste helsing,

pva Ola og meg,

– Lars S

--

Professor em. Lars Sætre  
Comparative Literature  
Dept. of Linguistic, Literary and Aesthetic Studies (LLE)  
Research Leader TAS / National Board Member TBLR  
University of Bergen  
Sydnesplass 7  
N-5007 Bergen, Norway  
Cell: +47 958 23232  
<https://www.uib.no/personer/Lars.Saetre>  
<http://www.folk.uib.no/hjils/home/Lars.htm>